



Årsberetning for Jølster Jeger- og fiskarforeining for året 2025

Styret har i 2025 bestått av:

Ann Kristin Gaare – leiar

Kåre Sætenes Strømmen – nestleiar

Ole Marius Marifjæren – styremedlem, sekretær

Siri Lisbeth Gjesdal Årdal – styremedlem, kvinnekontakt

Rune Ytredal – styremedlem, kasserar

Sander Mundal Viken – varamedlem

Karianne Dvergsdal Bøyum – varamedlem

Andre tillitsvalde:

Revisorar: Ragnvald Søgnesand

Valkomite: Vemund Sætenes Strømmen, Oddgeir Solvåg og Ronny Karlsen

Året 2025

Styret har vore samla til 4 styremøter, og i tillegg teken nokon avgjerdsjar på styret sin Facebook/Messengergruppe.

Av sakar som har vore til handsaming kan nevast skyteaktivitetar, dugnad, fiske og båtar, innkjøp av utstyr, planlegging av øvrige aktivitetar m.m.

Foreininga hadde 108 medlemmar pr 31.12.25, det er 6 fleire enn utgangen av 2024. Av desse er det 18 kvinner, ein meir enn utgangen av året før. 26 medlemmer er under 26 år, det er ei auke på 5 frå året før.

Året 2025 har vore eit år med mykje planlagte aktivitetar, noko har vore lite oppmøte på, og andre ting vart avlyst av same grunn.

Leirduebana har vore ope frå juni til august, og det har i snitt vore 6 personar innom kvar gong, men vi skulle gjerne hatt fleire med. Vi ser likevel at kontinuitet på arrangementa der gjer til at fleire kjem til etter kvart.

Steinar Lindstrøm har vore ansvarleg for garnfiske og båten på Svidalsneset og har gjort ein strålende jobb med å ivareta det. Vi tok i bruk bookingløysinga som NJFF har på LetsReg.no til båtane, med godt resultat.

Båten i Sanddalen har og vore leigd ut, og er eit greitt supplement til båten på Svidalsneset og «njff-båten» som no er plassert på Kjøsnes.

Aktivitetar i 2025 som har vore annonserte:

- Jegerprøvekurset i 2025 hadde 17 deltakarar.
- Fiskesommar i samband med Jølster aurefest 13juni i lag med Speidarane. Oppunder 140 små og store møtte opp på moloen ved Kjøsnes feriehytter. Entusiastiske barnehender fekk



prøve fiskelykka med stang, og stemninga var god om det ikkje vart so mange napp. Alle som ville fekk vere med ut i båt å dra garn. Fangsten var bra og det smakte fortreffeleg med filetert jølstraaure rett frå bålpanna. Takk til Nils Einar Kjøsnes som bidro.

- Garnfiske / Flytegarfnfiske i Jølstravatnet – Det er registrert 13 bookinger på flytegarfnfisket. Båten i Sanddalen har 2 bookinger.
- Rifleskyting for damer har vore arrangert 3 gonger, litt lite oppmøte, men triveleg for dei som var med.
- Rekrutteringsskyting vart annonsert 2 dager. Litt lite oppmøte.
- Jaktstiskyting med rifle på bevegelege mål vart annonsert, men avlyst grunna problem med å skaffe ansvarleg.
- Sportreningssamling for ettersøkshunder – 4 ekvipasjer var med
- Drop-in hundetrening 3 ekvipasjer var med
- Slakte-/parteringskurs med Steinar Lindstrømvart helde i Svidal, og det var 10 deltakarar på kurset.
- Introjakt rype vart avlyst grunna stengt for jakt på hønsfugl
- Introjakt hjort vart i Sanddalen 13. september. Det var 9 ferske jegere påmeldt, og vi fekk god hjelp av hundane til Jan Inge Skjerven frå Sogn til å drive fram hjorten. Det vart observert fleire dyr, men ingen fall.
- Vi annonserte også med hjortejakt for kvinner dagen etter introjakt, men ingen meldte seg på.
- Aurefiskehelg for kvinner vart avlyst då det ikkje var påmeldte.

Resultatrekneskap

Rekneskapsåret 2025 syner eit årsresultat på 63.444,-

Jølster 03.03.2026

Ann Kristin Gaare
Leiar

Kåre Sætenes Strømmen
Nestleiar

Rune Ytredal
Styremedlem

Ole Marius Marifjæren
Sekretær

Siri Lisbeth Gjesdal Årdal
Styremedlem